

HARAM KOMMUNE	
Årsaknr. 08/334	Løpenr. Dok. 2
- 5 MARS 2008	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Avdeling	Saksen
Kassasjønser	System

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM KOMMUNANE OM ORGANISERING AV VETERINÆRVAKT

I samsvar med rammeavtale mellom Den norske veterinærforening (DNV) og KS om organisering av og godtgjersle for deltaking i klinisk veterinærvakt av 16.11.2007, og i medhald av lov av 15. juni 2001 nr 75 om veterinærer og anna dyreheelsepersonell § 3 a, er det mellom fylgjande kommunar:

Norddal kommune

Stordal kommune

Stranda kommune (Liabygda og Geiranger)

Skodje kommune

Haram kommune (Vatne)

Ørskog kommune

inngått avtale om samarbeid som nemnt ovanfor. Driftsansvaret er lagt til Ørskog kommune / Ørskog interkommunale landbrukskontor.

Ørskog kommune har eit særleg ansvar for å organisere veterinærvakta i Ørskog veterinærdistrikt og skal representere "kommunen" overfor dei veterinærane som deltek i veterinærvakta.

Ørskog kommune kan samordne kontakta mot Fylkesmannen/Statens landbruksforvaltning med sikte på å utløyse statstilskot for alle kommunane i vaktordninga.

Tilskotet frå staten til kvar einskild kommune (Norddal, Stordal, Skodje og Ørskog) for å administrere ordninga vert overført til Ørskog kommune som vertskommune.

Pengeoverføringane skjer innan 1. februar.

Eventuelle økonomiske meirbelastningar som fylgje av denne avtalen skal dei aktuelle kommunane ta stilling til etter drøftingar mellom rådmennene.

Ørskog kommune vil årleg etterskotsvis fakturere samarbeidskommunane for eventuelle meirkostnader.

Vaktområdet vert i utgangspunktet organisert i samsvar med Mattilsynet si organisering pr. 31.12.2007. Eventuelle seinare endringar i ovannemnde kommunar sitt samarbeid skal varslast med minst 3 månaders frist.

Avtalen trer i kraft 01.01.2008 og varer fram til ein av partane seier opp avtalen.

Oppseiing av avtalen skal gjerast innan 01.07., og oppseiingstida er 12 månader.

Tidspunkt for oppseiing av avtalen kan fråvikast dersom alle partar er samde om det.

Tvistemål i samband med avtalen skal søkjast løyst med forhandlingar mellom kommunane.

Dersom ein ikkje oppnår semje, skal tvistemålet løysast gjennom handsaming i domstolane med mindre partane er samde å løyse den i nemnd. Nemnda avgjer tvistemålet med bindande verknad.

./.


.1.



Norddal kommune

24/1-08
Dato

Ryvinge
Ordfører



Stordal kommune

19/2-08
Dato

Arnes
Ordfører

STRANDA KOMMUNE
Ordfører

Stranda kommune

26/2-08
Dato

Fredrik
Ordfører



Skodje kommune

29/2-08
Dato


Medalf
Ordfører

HARAM KOMMUNE
Ordfører

Haram kommune

11/3-08
Dato

Bjørn Sandvik
Ordfører



Ørskog kommune

25/3-08
Dato

Harald
Ordfører